



## Søknad om driftskonsesjon i henhold til mineralloven § 43

Skjemaet med vedlegg sendes til:

Direktoratet for mineralforvaltning  
med Bergmesteren for Svalbard  
Postboks 3021 Lade  
7441 Trondheim

E-post: [mail@dirmin.no](mailto:mail@dirmin.no)  
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50  
Hjemmeside: <http://www.dirmin.no>

LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

1. Opplysninger om søker			
Fullstendig navn/firma MELCON A/S		Organisasjonsnummer 939 847 065	
Postadresse Skjerdalsvegen 22		Postnummer 5745	Sted Aurland
Land Norge		Hjemmeside	
Telefonnummer	Mobiltelefon 90 13 48 38	E-postadresse helge@melcon.no	

2. Opplysninger om området		
Navn på uttaksområdet/uttaket VETLEHAJEN	Uttaksområdets gårds- og bruksnummer Gnr. 14, Bnr.1	Kommune Aurland
Størrelse på omsøkt areal (daa) 23540 m <sup>2</sup>	Anslag totalvolum uttak (m <sup>3</sup> ) 100 000 m <sup>3</sup>	Forventet årlig uttak (m <sup>3</sup> ) 5 - 10 000 m <sup>3</sup>

3. Opplysninger om forekomsten			
3.1. Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten?	Grunneiers mineraler	<input checked="" type="checkbox"/>	
	Statens mineraler	<input type="checkbox"/>	
3.2. Drives det på forekomsten i dag?	Ja	<input checked="" type="radio"/>	Nei <input type="radio"/>
3.3. Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet): Morene /Sand			



#### 4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel Masseuttak

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja  Nei

Hvis ja, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: Reguleringsplan(detaljregulering) for Vetlehagen \_\_\_\_\_

Vedtaksdato: 02.02.2012

Hvis nei:

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja  Nei

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrenginngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

#### 5. Vedlegg til søknaden

**Med søknaden skal alltid vedlegges:**

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel
- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.



5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:

- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:

- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

**Merk innbetalingen med Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker**

**6. Eventuelle tilleggsopplysninger**

*Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.*

**7. Underskrift**


Sted og dato

18-7-16

Underskrift



Helge Eide

Konsesjonsområde  
**Vetlehajen massetak i Aurland kommune**




Kart produsert ved DMF 17.03.2017


**Tegnforklaring**


-  KonsesjonsBase
-  GeocacheBasis



- Kulturminne, enkeltminneikon: 146911  
★ Kokegrop
- Kulturminne, enkeltminne: 146911  
★ Kokegrop
- Kulturminne, lokalitetikon: 146911  
★ Kokegroplokalitet
- Kulturminne, lokalitetikon: 146905  
★ Vetlehajen
- Kulturminne, lokalitet: 146905  
★ Vetlehajen
- Kulturminne, lokalitet: 146911  
★ Kokegroplokalitet
- Kulturminne, sikringszone fredet: 146905  
★ Vetlehajen
- Kulturminne, sikringszone fredet: 146911  
★ Kokegroplokalitet







Melcon A/S  
Skjerdalsvegen 22

5745 Aurland

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard		
Saksnr. Dok.nr.	Uttak	
16/00194-10		
Vedlegg	21 JULI 2016	Saksbehl.
6		HMB
Sakskode:	Forfall	
KB 008/16		

Aurland, 18/7-16

Direktoratet for mineralforvaltning  
med Bergmesteren for Svalbard  
Postboks 3021 Lade  
7441 Trondheim

**Førespurnad om meir informasjon i samband med søknad om driftskonsesjon for Vetlehajen uttak  
i Aurland kommune - Dykkar ref: 16/00194-7**

- **Søknadsskjema :**  
Nytt søknadsskjema vedlagt med informasjon om totalt uttaksvolum
- **Dokumentasjon av utvinningsrett:**  
Kontrakt med ny heimelshavar for 14/1 i Aurland kommune er vedlagt
- **Kart over omsøkt område :**  
Oversiktskart i målestokk 1:50 000 og kart i målestokk 1:1000 og 1:2000 for området som vert søkt om, er vedlagt.
- **Forslag til driftsplan:**  
Det omsøkte området vert inngjerda og det vert bom på tilkomstveg under anleggsperioden.  
Massar skal takast ut etter behov. Uttaksområdet vert arrondert etter ferdig uttak, og det vert dyrka mark der det er mogeleg.
- **Oversikt over økonomiske forhold:**  
Årsrekneskap for 2011 – 2015 er vedlagt.

- **Adresseliste over partar som blir særleg påverka :**

Hege Grønsberg Aasarmoen	5745 Aurland	Gnr. 14, Bnr 1
Olav Terum	5745 Aurland	Gnr. 14, Bnr 3
Olav Grønsberg	5745 Aurland	Gnr. 28, Bnr 17
Elveigarlaget v/Bjørn Vike	5745 Aurland	
Melcon A/S v Helge Ebne		Gnr. 28, Bnr 70



MELCON AS  
Skjerdalsvegen 22  
5745 Aurland

Direktoratet for mineralforvaltning  
V / saksbehandler Rita Øyen

Driftskonsesjon for Vetlahajen gbnr 14/1 i Aurland Kommune

Sakskode KB 008/16

- Vedlegg 1 : Bilde av stoffen pr i dag
- Vedlegg 2 : Nærbilde av gjerde som går rundt heile området
- Vedlegg 3: Viser området som skal tas ut i neste fase
- Vedlegg 4: Bildet teke frå toppen av uttakshøgda
- Vedlegg 5: Flyfoto som viser heile uttaksområdet
- Vedlegg 6 : Kart som er påtegna høgder og uttaksretning no og vidare

Skråningsvinkelen på dagens stoff er om lag 1:4


Uttaksskråningen raser jevnleg så det er ingen fare for overheng på den.

Som bilder viser er det svært bratt der i dag. Ved avslutning av bruddet vert det laga skråning frå toppen med ei helning på 1:3 frå toppen og nedover ( sjå vedlegg 5).

Håpar de har fått den informasjonen de treng med dette, om ikkje ta kontakt.

MELCON AS  
v/Helge Ebne  
Aurland 20.03.2017

VEDLEGG 1




VEDLEGG 2



VEDLEGG 3



VEDLEGG 4







RØD LINJE VISER UTTAKSOMRÅDE

VEDLEGG 5

# VEDLEGG 6

1. UTTAKSRETNING NA
2. GJERDE : SJA BILDE
3. UTTAK FASE 2





**TEIKNFORKLARING**

**PBL § 12-5. REGULERINGSFØREMÅL**

**1. BYGG OG ANLEGG**  
 RÅSTOFFUTVINNING - MASSEUTTAK

**2. SAMFERDSELSANLEGG**  
 KØYREVEG  
 ANNAN VEGGRUNN, TEKNISK ANLEGG  
 ANNAN VEGGRUNN, GRØNTAREAL

**PBL § 11-8, § 12-6. OMSYNSSONER**

**A. SIKRINGSSONER**  
 FRISIKT

**STREKSYMBOL M.V.**

PLANGRENSE  
 GRENSE FOR REGULERINGSFØREMÅL  
 FRISIKTLINE  
 SENTERLINE REGULERT VEG

EKVIDISTANSE 1m

MÅLESTOKK:

<b>REGULERINGSPLAN</b>	MED REGULERINGSFØRESEGNEN FOR:		KARTBLAD
<b>Vetlehagen</b>			DATE <b>11. november 2009</b>
<b>REVISJONAR</b>	DATE	SIGN.	
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA			
HANDSAMING I PLANUTVALET. 1. GONG	23. nov. 2009		
UTLEGGING TIL OFFENTLEG EITERSYN I TIDSRUMMET	03.12.09-15.01.10		
HANDSAMING I PLANUTVALET. 2. GONG	23. jan. 2012		
EVT. NYTT OFFENTLEG EITERSYN			
HANDSAMING I PLANUTVALET. 3. GONG			
VEDTAK I KOMMUNESTYRET	02. febr. 2012		
	PROSJEKT NR. <b>36009</b>	SAKSHANDS.	
	TEIKN NR. <b>01</b>		

**Jarle Sandvik** Tlf. 57 63 31 73  
 Siv.ark. mnal Fax. 57 63 33 78  
 Pb. 55, 5741 Aurland ark.js@online.no





# **REGULERINGSPLAN FOR VETLEHAJEN**

**Framlegg til reguleringsplan for  
del av gnr. 14, bnr. 1, Tero i Aurland**

**15. desember 2011**

**Vedteken 2. februar 2012**



**Jarle Sandvik** Tlf. 57 63 31 73  
Siv. ark. mnal Fax. 57 63 33 78  
Pb. 55, 5741 Aurland ark.js@online.no

Prosjekt: Reguleringsplan for Vetlehajen

Oppdragsgjevar: Melcon AS  
v/Helge Ebne  
Skjerdalsvegen 22  
5745 Aurland  
Tlf.: 57 63 31 85  
Mob.: 901 34 838  
e-post:

Utarbeidd av: Siv.ark. mnal Jarle Sandvik  
Postboks 55  
5741 Aurland  
Tlf.: 57 63 31 73  
Mob.: 412 00 594  
Fax: 57 63 33 78  
e-post: [ark.js@online.no](mailto:ark.js@online.no)

Sakshandsamar: Aurland kommune  
Jan Olav Møller  
5745 Aurland  
Tlf.: 57 63 29 73  
Mob.: 95 98 46 56  
Fax: 57 63 29 01  
e-post: [janolav.moller@aurland.kommune.no](mailto:janolav.moller@aurland.kommune.no)

## Forord

Den følgjande omtalen av plangrunnlaget og planen er bakgrunnsmateriale og tilleggsopplysningar som er naudsynte for raskt å kunne setje seg inn i planen og planløysninga. Sjølve reguleringsplanen omfattar berre plankartet og reguleringsføresegnene.

Aurland, 12. november 2009  
Jarle Sandvik

Endra etter utlegging til offentleg ettersyn.

Aurland, 15. desember 2011  
Jarle Sandvik

## **INNHALD**

<b>Innleiing</b>	side 3
<b>Omtale av planområdet</b>	" 3
Tilhøve til eksisterande planar	" 3
Planområdet i dag	" 3
Topografi og vegetasjon	" 4
Dyreliv	" 5
Eksisterande bygningar på området	" 5
Kulturminne	" 5
Hovudveg, avkøyrse	" 5
Skredfare	" 6
Fare i samband med uttak av massar	" 6
Støy	" 6
<b>Planløyning</b>	" 6
Anleggsområde	" 6
Avkøyrse, vegløyning	" 6
Vatn og avlaup	" 6
Straumtilførsel	" 6
<b>Reguleringsføresegger til reguleringsplan for Vetlehajen</b>	" 7
<b>Merknader til oppstartvarsel</b>	" 9
<b>Merknader i samband med offentleg ettersyn</b>	" 10

## **Innleiing**

Siv.ark. mnal Jarle Sandvik har fått i oppdrag av Melcon AS v/Helge Ebne å utarbeide ein reguleringsplan for råstoffutvinning - masseuttak på del av gnr. 14, bnr. 1 Tero i Aurland kommune.

Kommunestyret i Aurland har i møte 15. oktober 2009 vedteke å starte ein reguleringsplanprosess for Vetlehajen. Føremålet med planarbeidet er å lage ein detaljreguleringsplan vedrørende område for råstoffutvinning - masseuttak, i samsvar med vedteken kommuneplan for Aurland.

Planarbeidet vart annonsert 16. oktober 2009 og oppstarta i oktober 2009. I planen er området vist som råstoffutvinning/masseuttak og privat køyreveg/tilkomstveg. Planarbeidet er utført av siv.ark. mnal Jarle Sandvik.

### **OMTALE AV PLANOMRÅDET.**

Området er ein del av gnr. 14, bnr. 1 på Tero. Bruket vert drive som gardsbruk. Området for masseuttak er på ca. 25 daa, og ligg nord-aust for riksveg 50 – på strekninga Terahajen – Vassbygdivatnet. Førekomsten av sand, grus og stein innanfor området er truleg på om lag 80000 – 100000 kubikkmeter. I tillegg til området for masseuttak er det i reguleringsplanområdet medteke eit areal for plassering av tilkomtsveg.


Tiltakshavaren ynskjer å regulere området til råstoffutvinning - masseuttak.

#### **Tilhøve til eksisterande planar**

Planområdet er i kommunedelplanen for Aurland avsett til råstoffutvinning - masseuttak.


#### **Planområdet i dag**

Området ligg vendt mot sør-vest - mot Aurlandselva og Loven. Planområdet er i dag ubebygt.



Området ligg ved riksveg 50 – på strekninga Terahajen – Vassbygdivatnet.

### Topografi og vegetasjon



Markslagskart

Området som er avsett til råstoffutvinning/ masseuttak er eit stort isranddelta med sorterte massar av sand, grus og stein. Lag av finsand førekjem, og det kan vere finstoff mot botnen av deltaet.

Området er bratt, men øverst på området er det ei lita flate med dyrka jord.

På området veks det noko bjørkeskog. Ellers er det lite vegetasjon.

Sør for området som er avsett til tilkomstveg er det dyrka jord. Veggen vil kunne berøre den dyrka jorda i nordre del av denne.

### **Dyreliv**

I deler av året vil det kunne vere beitande sau i området – særleg på det dyrka området. Anleggsområdet bør difor inngjerdest.

### **Eksisterande bygningar på området**

Reguleringsområdet er i dag ubebygt.

På det dyrka området sør for tilkomstvegen ligg det ei uteløe.

### **Kulturminne**

Det er foreteke arkeologiske registeringsundersøkingar av planområdet.

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Det er heller ikkje gjort funn som tilseier nærmare undersøking av området. Området er frigjeve av kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### **Hovudveg, avkøyrsl**

Planområdet ligg ved riksveg 50, Aurland – Hol.

Det er i dag ei jordbruksavkøyrsl for tilkomst til det dyrka området.

### **Skredfare**

I følge aktsemdskart utarbeidd av NGU er området potensielt skredfarleg.

Steinur langs fjellfoten syner at det frå tid til anna losnar stein frå fjellsida ovanfor.

Normalt stoppar den i kanten av den dyrka jorda. Konsekvensen vil kunne vere alvorleg dersom det skjer når det pågår uttak av massar og opplasting, og steinmassar når uttaksområdet.

I samband med reguleringsplanarbeidet har Cowi v/Helge Henriksen, på oppdrag frå Melcon AS, utarbeidd skredfarevurdering for området. Det er gjort vurdering for snøskred, steinsprang, stein- og fjellskred, jordskred og flaumskred/snøsrpeskred. Som eit supplement til vurderinga av steinsprangfaren har Cowi utført datasimuleringar av steinsprang langs tre terrengprofilar. Fare for steinsprang frå nord-aust (profil P3, sjå fig. 7 i skredfarerapporten) utgjer største faren. Årleg nominell sannsynlegheit for dette vert anslege til mellom  $5 \cdot 10^{-3}$  og  $10^{-2}$ , men ikkje større enn  $10^{-2}$ .

Konklusjon:

Det vil ikkje vere faste installasjonar i reguleringsområdet. Opphald av personar vil kun vere i samband med uttak av massar.

Planlagt massetak på Vetlehajen kjem då inn under tryggleiksklasse S1 i høve til tryggleik for skred.

Planlagt massetak har tilfredsstillande tryggleik for skred i høve til krava i TEK10 §7.3 for denne tryggleiksklassen.

**Fare i samband med uttak av massar**

På dei brattaste partia har grusmassane i dag ein naturleg rasvinkel på om lag 30 gr. Uttak av massar må foregå på ein slik måte at denne rasvinkelen ikkje vert overskriden. Det må spesielt visast varsemd ved uttak av massar i periodar med mykje nedbør.

**Støy**

Masseuttaket omfattar kun uttak av lausmassar, vesentleg sand og grus. Støy vil såleis stort sett kome frå sorteringsverk og i mindre grad frå knuseverk. Nærmast bebyggelse er på Lovi – på andre sida av elva. Uttak av massar vil skje på dagtid. Støyulempene vil såleis ikkje vere vesentlege.

**PLANLØYSNING**

**Anleggsområde**

Det vert planlagt tilkomst til området for masseuttak frå vest og oppstart av uttak av masser i denne delen av området. Av praktiske og tryggleiksmessige årsaker er det medteke eit mindre område for lagringsplass for massar vest for sjølve grustaket – ved tilkomsten til området.

Eksisterande massetak ca. 300 m nærmare Aurlandsvangen skal leggest ned. Området skal ryddast og avkøyrslene stengast.

**Avkøyrsløse, vegløyning.**

Det vert teke sikte på å utvide eksisterande avkøyrsløse med nokre meter forskuving mot vest for å betre frisikt mot aust. Ein vil då kunne få 110 m frisikt i begge retningar, rekna frå eit punkt 6 m frå skulderkant på riksvegen.

Tilkomstvegen er planlagt opparbeidd med standard som tilsvarar normal for landbruksvegar, klasse 3, – 4,0 m vegbreidd inkl. skulder på kvar side. Vedkomande norm er lagt til grunn ved planlegginga av avkøyrsløse og vegbreidd i kurver.

**Vatn og avlaup**

Det vil ikkje vere faste installasjonar i området med trong for vatn og avlaup.

**Straumtilførsel**

Dersom det er trong for det, vil området kunne få straumtilførsel frå kraftlina som passerer området. Tilførselskabel kan leggest som luftkabel frå trafo.

# REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR VETLEHAJEN

## Reguleringsplankart dagsett 11. november 2009

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for råstoffutvinning – masseuttak.

### § 1.0 Generelt.

- 1.1 Reguleringsføresegnene gjeld for det området som er merka av med reguleringsgrense på reguleringsplankartet i målestokk 1:1000, dagsett 11. november 2009.

### § 2.0 Arealføremål

Området er regulert til følgjande føremål

#### Pbl 12-5.1 BEBYGGELSE OG ANLEGG

- Råstoffutvinning - masseuttak

#### Pbl 12-5.2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

- Veg – køyreveg
- Annan veggrunn, tekniske anlegg
- Annan veggrunn, grøntareal

### § 3.0 Omsynssoner

#### Pbl 12-6 (11-8 a) SIKRINGSSONER

- frisikt

### § 4.0 Råstoffutvinning – masseuttak MU1 og MU2.

- 4.1 Områda omfattar areal vist som masseuttak på plankartet.
- 4.2 Område MU1 skal nyttast til masseuttak - grustak.
- 4.3 Område MU2 skal nyttast til riggområde og lagring av massar.
- 4.4 Fyllingar og skjeringar som følgje av masseuttak skal haldast innanfor områdeavgrensingane. Det same gjeld lagring av sorterte massar. Lagring av sorterte massar på nedsida av riksvegen vert ikkje tillete.
- 4.5 Anleggsområdet skal inngjerdast.
- 4.6 Dersom ein støyter på kulturminne i anleggsområde skal kulturavdelinga i fylket varslast og anleggsarbeidet stansast.
- 4.7 Vegetasjon på området skal berre fjernast etterkvart som det er naudsynt for tilkomst for uttak av massar. Etter kvart som masseuttak er ferdig på deler av området, skal vedkomande område ryddast og planerast.
- 4.8 Uttak av massar skal foregå på ein slik måte at naturleg rasvinkelen på 30 gr. ikkje vert overskriden. Det må spesielt visast varsemd ved uttak av massar i periodar med mykje nedbør.
- 4.9 Drift kan ikkje setjast i gang før driftkonsesjon ligg føre, jf. Minerallova § 43. Søknad om driftskonsesjon med driftsplan vert å sende til Direktoratet for mineralforvaltning.
- 4.10 Etter at uttak av masser er avslutta, skal alt av maskiner og utstyr fjernast frå området. Området skal ryddast og planerast slik at terrenget får ei mest mogleg naturleg utforming. Skråningar skal ikkje vere brattare enn 30 gr. Området skal då gå attende til LNF-område.



**§ 5.0 Køyreveg – offentlig veg V1 og privat veg PV1**

- 5.1 Område V1 omfattar del av riksveg 50.  
Område PV1 omfattar tilkomstveg til område for masseuttak.
- 5.2 Veg PV1 skal opparbeidast med standard som tilsvarar normal for heilårs landbruksveg, klasse 3, – 4,0 m vegbreidd inkl. skulder på kvar side.  
Avkøyrsløse og vegbreidd i kurver skal vere i samsvar med vedkomande norm.

**§ 6.0 Annan veggrunn, tekniske anlegg AVT 1 og 2**

- 6.1 Områda omfattar sideterreng for veg – skjeringar og fyllingar.
- 6.2 Terrenginngrepa i samband med veganlegget skal utførast slik at det vert gjort minst mogeleg skade på sideareala. Tilpassinga til eksisterande sideterreng skal gjerast med gode overgangar og god utforming både for fyllingar og skjeringar. Skråningane skal dekkast med vegetasjonsmasse frå staden - avteken masse frå vegtraseen.

**§ 7.0 Annan veggrunn, grøntareal AVG 1 og 2 – frisiktzone.**

- 7.1 Områda omfattar sideterreng som ikkje vert direkte berørt av tiltak, men som ligg innanfor siktsonene ved avkøyrsløse frå riksveg 50.
- 7.2 I tillegg til areal som fell innanfor reguleringsplanområdet skal det vere fri sikt 115 m i begge retningar, frå standpunkt 6 m frå vegkant/skulder.
- 7.3 I siktsonene kan det ikkje plasserast sikthindrande anlegg eller terrengformer som er høgare enn 0,5 m over vegbana på tilliggande vegar. Einskildtre med høg stamme eller stolpar kan akseptast.